

Høyanger Næringsutviklin AS  
Storgt. 1  
6993 Høyanger

23.12.2020

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Arlen Synnøve Bidne

## **Søknad forprosjekt K1 Høyanger- ein spektakulær attraksjon i hjartet av Noreg!**

Kraftanlegga i Høyanger

Namn på prosjektet: K1 Høyanger- ein spektakulær attraksjon i hjartet av Noreg!

### **Bakgrunn**

Høyanger kommune oppmoda i februar 2015 Riksantikvaren om å vurdere kraftanlegga i Høyanger for freding. Bakrunnen var at Statkraft hadde varsla at dei vil fjerne deler av anlegget knytt til Kraftstasjon 1. I samband med oppmodinga om fredingsvedtak sende Høyanger kommune førespurnad om uttale til Sogn og Fjordane Fylkeskommune, og fekk følgjande tilbakemelding; «På bakgrunn av vår vurdering av industrianlegga i Høyanger som verdifulle kulturminne for Sogn og Fjordane fylke, vil Sogn og Fjordane fylkeskommune støtte Høyanger kommune sitt ynskje om at kraftanlegga vert vurdert for freding».

Den 8. september 2015 gjennomførte Riksantikvaren ei synfaring av K1 og K2. Den 27. november 2015, skreiv Riksantikvaren til Høyanger kommune at han vurderer «kraftannlegga i Høyanger til primært å være kulturminne med lokal og regional verdi». Konklusjonen til riksantikvaren var inga freding av kraftanlegga i Høyanger.

Riksantikvaren ser det som ønskeleg at anlegga, eller deler av anlegga vert bevart, og oppmodar Statkraft, kommune og andre aktørar til i fellesskap å finne løysingar som tek i vare anlegga eller deler av anlegga.

Industriminna utgjer ein eineståande moglegheit for å gjennomføre verdiskapingsarbeid innanfor kulturminneområdet. Ved å utvikle K1 til ei spektakulær oppleveling kan ei få til eit unikt prosjekt der ein bevarer sentrale kulturminne, samstundes som ein satsar på næringsutvikling, reiseliv og stadutvikling.

### **Forankring av prosjektet**

Prosjektet vart restarta mars 2020, der Høyanger Næringsutvikling tek over prosjektleiinga for forstudiet. Kommunestyret i Høyanger har vedteke å løyve kr 250.000 til eit forstudie. Dette er oppfølgjing av prioriterte satsingar i den lokale kulturminneplanen til Høyanger kommune.

Høysnger Næringsutvikling og Statkraft har bevilga kr 250.000 kvar.

## Målsetting

### Overordna målsetting

Bevaring og utvikle kraftanlegg kring K1 til ein spektakulær attraksjon som gir verdiskaping kring næringsutvikling og stadutvikling

### Delmål

- Avklare eideomsforhold, juridiske spørsmål kring eksisterande anlegg, konsesjonar, m.m.
- Avklare framtidig drift og kostnadar, samt eigarskap
- Skissere løysing for framtidig utforming av anlegget og omkringliggende område som sikrar bevaring og utvikling.
- Utarbeide detaljreguleringsplan etter Plan og bygningslova.
- Opplevingsnæring – produktutvikling

## Kunnskapsutvikling gjennom oppleveling av K1

Sogn og Fjordane er det tredje største kraftproduserande fylket i landet. Likevel er ingen av kraftanlegga freda. Innanfor Høyanger kommune sine grenser, har ein eit stort spekter av kraftanlegg frå ulike tider. Ser ein alle kraftanlegga samla, så viser det kraftutbyggingar, inkludert oppgradering og modernisering, frå heile perioden frå 1890-talet og fram til i dag. Kulturminna frå kraftproduksjon er viktige for å skape interesse for, og for å skaffe innsikt og forståing av fortida. Dette er viktig kunnskap for å leve i notida, og for å planlegge for framtida. Dei tekniske og industrielle kulturminna frå kraftproduksjon, er med på å gje kunnskap om både det moderne Noreg og Høyanger kommune sin framvekst og utvikling.

Spesielt var den første utbygginga i Høyanger 1916/17 viktig. Frå den tida står gamle kraftstasjon 1, røygater, trappene, trallebane med spillhus att. Dette er kulturminne som er godt kjent og særskilt viktige for lokalbefolkinga. Dei representerer ein del av identiteten til folket her.

Det er stor interesse og engasjement rundt desse industriminna. Dagleg gjennom året vert dette kulturlandskapet brukt av born, unge, vaksne og eldre. Trappene vert brukt både til oppleveling og trening. Det er enkel tilgang til desse industriminna frå tettstaden, og dei skapar igjen lett tilgjenge til kulturlandskapet. Trappene vert nytta i reiselivssamanhang, og dei er attraktive for besökande som vil oppleve Høyanger.

Dagens bruk er ei vidareføring av ein lang tradisjon i Høyanger. Lenge var «Tralla» og trappene den viktigaste transportvegen til fjells. I Høyang-nytt frå april 1955 kan ein lese: «En

søndag formiddag kan 250 personer regne med å få kjøre, men da det ofte er over tusen mennesker som skal opp, blir køen i trappene ofte like lang som køen ved trallen» ( s. 147 Høyanger - nytt april 1955, intern bedriftsavis for NACO).

Trappene og kulturlandskapet har stor verdi for heilskapen i samspelet mellom natur og kultur. I dette industrilandskapet får ein oppleve grunnlaget for industristaden Høyanger, som i 2015 feira 100 år. Både i samband med rekreasjon og i eit folkehelseperspektiv, er desse anlegga viktige. Ved å bevare og utvikle området vil bruken auke vesentleg. Utbygginga av industristaden Høyanger omfatta både sjølve kraftutbygginga og tilhøyrande bygningsmiljø. Ein stor del av Høyanger sentrum er innlemma i Riksantikvaren sitt NB -

register. I kommuneplanen sin arealdel er dei aktuelle anlegga lagt inn med omsynssone, bevaring kulturmiljø. Bygningsmiljøet i Parken er freda, men ingen bygg eller installasjonar knytt til kraftutbygginga har vore vurdert for freding. Dette gjer at Høyanger kommune meiner at heilskapen til industrihistoria i Høyanger ikkje er tilstrekkeleg ivareteke.

Høyanger er eit komplett byanlegg med svært høg kulturhistorisk interesse og arkitektonisk kvalitet. Industribyen Høyanger er eit lærestykke i byplanlegging og byutvikling frå vårt århundre. I dei historiske trappene kan ein sjå hagebyen Høyanger i perspektiv, også omtala som Noregs vakraste industristad.

Det har vert og er eit stort engasjement for bevaring og utvikling av dei aktuelle kulturminna. Einskildpersonar, Fortidsminneforeninga og ikkje minst Høyanger Historielag har skapt blest om saka. 30. november 2016 arrangerte m.a. Høyanger Historielag ein konferanse med tema «La trappene leve». Historielaget ønskte med dette å informere og engasjere flest mogleg for å bevare viktige kulturminne i Høyanger. Arrangementet fekk stor oppslutnad. Media har også vert svært interessert i saka, og har ved fleire høve laga ulike reportasjar - Link NRK reportasje <https://www.nrk.no/sognogfjordane/fryktar-for-100-gammal-industrihistorie-1.12313262>

## Rammer

Forstudiet vart restarta mars 2020. Prioritering av midlar vil garantert endre seg i takt med utviklinga av forprosjektet

## Budsjett

Konsulentbistand	250 000,-
Arkitektkonkurranse ?	400 000,-
Administrative utgifter	100 000,-
Detaljreguleringsplan ?	250 000,-
Totalt	1 000 000,-

## **Finansiering**

Høyanger kommune	250 000,-
Statkraft	250 000,-
Sogn og Fj. fylkeskommune	250 000,-
HNU/andre	250 000,-
Totalt	1 000 000,-

## **Prosjektorganisering**

I forprosjektet deltek dei fire partane Statkraft, Høyanger kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Høyanger Næringsutvikling.

Prosjektet organiserast med Styringsgruppe, prosjektgruppe og referansegruppe.

- Ved behov trekk vi inn ulik fagkompetanse og observatørar, til dømes riksantikvaren.

## **Framdrift/arbeidsopplegg**

1. Status – eigar, drift, avtaler, miljø, tryggleik, tilkomst, kostnader (**Pågåande**)
2. Døme frå tilsvarende attraksjonar (**ferdig rapport frå PWC**)
3. Dialog med aktuelle interessentar (**pågåande**)
4. Vurdere ulike måtar å organisere eigarskap, drift og utvikling (**pågåande**)
5. Anbefale vidare satsing og iverksetje første fase (organisere eigarskap og drift, samt iverksetje bevaring)

## **Verdiskaping- resultat og effektar**

Industriminna utgjer ein eineståande moglegheit for å gjennomføre verdiskapingsarbeid innanfor kulturminneområdet. Ved å utvikle K1 til ei spektakulær oppleveling kan ei få til eit unikt prosjekt der ein bevarer sentrale kulturminne, samstundes som ein satsar på næringsutvikling, reiseliv og stadutvikling.

Som eit av få industrisamfunn i landet med lange tradisjonar, har Høyanger sterkt fokus på å bevare industriminne. Desse har forma samfunnet i over 100 år, og er viktige identitetsskaparar. I arbeidet med å ta i vare industriminna ønskjer vi å nytte dei på nye måtar, utvikle dei vidare, og ta dei med inn i ei ny tid.

I forprosjektet vil ein få fram potensiale og moglegheit til åta med seg desse kraftanlegga inn i framtida. Industrihistoria i Noreg vert spegla att i samfunnet i Høyanger. I området K1 kan ein bevege seg tett på historia samtidig som ein er i kjerna av ny teknologi, det grøne skiftet i eit levande industrisamfunn.

Vi vonar at Sogn og Fjordane Fylkeskommune ser verdien av eit slikt forprosjekt, og kan vere ein viktig part i realiseringa av dette. Med dette søker Høyanger kommune om kr 250 000 til eit felles forprosjekt for å sikre bevaring og utvikling av K1 i Høyanger.

Med vennleg helsing

Birgitta Hagen Kyrkjebø  
Høyanger Næringsutvikling AS